



Vennelaget for Lensmannsgarden Årsmelding for 2020

Aktiviteten i løa var svært låg i 2020 grunna den verdsomspennande pandemien, og i store delar av året har det vore restriksjonar på kor mange personar som har kunna samlast både på offentlege og private arrangement. Privatpersonar og verksemdar betalar for å leiga løa, medan lag og organisasjonar i kommunen kan låna løa gratis. Av Servicetorget i Hå kommune har me fått opplyst at det i 2020 har vore 32 dagar med betalt leige av løa, og løa har vore reservert til arrangement med gratis utlån 222 gonger. Det reelle talet på kor mange gonger løa vart brukt i samband med gratis lån er lågare, då det er grunn til å tru at mange arrangement vart avlyst. Servicetorget administrerer utleige og utlån av løa. Vennelaget har godt samarbeid med Hå kommune, og har jamlege møter med Servicetorget om drifta av løa. I 2020 har det vore 3 slike møte.

Vennelaget har støtta kommunen med praktisk arbeid på løa, maling av veggane inne i heishuset og legging av ny grus i gardsromet. Hå kommune ønskte å kjøpa minikino oppe i løa, og Vennelaget bidrog med delar av midlane som trongs for innkjøp, stod for innkjøp, koordinering av montering og bidrog med handlangarar ved monteringa. Ny bøylemikrofon vart kjøpt til Løeståvå. Den årlege dugnaden vart utført i mai, men var noko redusert grunna dei ovanfor nemnde restriksjonane; veggene vart kalka, stolane og borda i Løeståvå vart reingjorde og inventaret til kjøkkenet vart sjekka og etterbestilt.

Vennelaget har med hjelp av Erik T Skretting reparert muren mot vest ved hovudinngangen mot sør og trapp i hovudinngang til våningshuset.

Hå kommune har sett av midlar for montering av sprinklaranlegg både i 1. og 2. etasje i løa, og til lyddemping i løeståvå for 2021. Vennelaget vil hjelpa til med dette arbeidet.

Vennelaget var pådrivar/organisator for å få hjertestartar til løå. Denne vart betalt i fellesskap av Seniordansen, Hå hagelag, Bygdekvinnelaget, Vellaget for Lensmannsgarden og Vennelaget for Lensmannsgarden. Hå kommune var positiv og vil bidra med opplæring og service-oppfølgning.

Lunsjtreff-komiteén i Vennelaget har arrangert lunsjtreff to onsdagar i månaden i delane av året då dette har vore tillatt, totalt 8 gonger. Talet på deltakarar har stort sett vore rundt 25-30.

Det har vore arrangert ei tilstelling i regi av «Kultur i Løå» i 2020, ein konsert, sjå vedlagt årsrapport frå «Kultur i Løå»-komitéen.

Vennelaget er medeigar i Varhaugbuen, og brukar bladet aktivt for å få ut informasjon om Vennelaget sine arrangement, både program, førehandsomtalar og reportasjar i etterkant av arrangementa. Astrid Skretting har vore Vennelaget sin representant i styret for Varhaugbuen.

Styret i Vennelaget har hatt 4 styremøte i 2020.

Medlemstalet i Vennelaget er no 345.

For informasjon om Lensmannsgarden og Vennelaget viser me til nettsida vår; www.lensmannsgarden.net, og for informasjon om Vennelaget sine arrangement viser me også til facebook-sida «Kultur i Løå». 925 personar følgjer denne sida.

Styret i Vennelaget har vore:

Kjetil Skrettingland, leiar
Astrid Skretting, nestleiar
Ruth Kristensen, sekretær
Odd Einervoll, kasserar
Ivar Omdal, styremedlem
Tom Magne Ueland, varamedlem

Byggkomité:

Svein Varhaug, leiar
Dag Skretting
Jon Harald Håland

«Kultur i Løå»-komité:

Geir Egil Rosland, leiar
Frank Håland
Karin Frausing Varhaug
Randi Jelsa Skrettingland
Renate Tråsavik

Lunsjtreff-komité:

Eli Aanestad
Inger Haugstad
Irene Bratland
Kjellaug Ånestad Varhaug
Myrtle Tjemsland
Liv Reiestad
Liv Tone Stueland
Benny Berge
Ingunn Reiestad

Revisor:
Terje Bø

Valnemnd:
Linn Lode
Geir Egil Rosland
Brit Elisabeth Bratland

For styret i Vennelaget for Lensmannsgarden
Kjetil Skrettingland (leiar)